FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

KOPI

Eros Laks Erling Osland A/S

→ Osland Havbruk

5927 BJORDAL

Dykkar ref.	Vår ref.	Hermansverk
	9830/94/881.2/BN	14.02.95.

EROS LAKS ERLING OSLAND A/S - SF/hø 01 - UTSLEPPSLØYVE FOR OPPDRETTSANLEGG PÅ LOKALITETEN OSLANDSURDA, HØYANGER KOMMUNE

Vi viser til oversending frå fiskerisjefen dagsett 15.12.94.

Vi viser og til søknad frå Eros Laks Erling Osland A/S dagsett 22.08.94. Søknaden gjeld utviding av konsesjonsvolumet for oppdrett av laks/aure ved Oslandsurda i Høyanger kommune (konsesjonsnr. SF/hø 01).

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr.6, § 18, jf. T-3/93 frå Miljøverndepartementet, gir fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Eros Laks Erling Osland A/S løyve til utslepp til luft og vatn frå eit oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure ved:

LOKALITET	STORLEIK	KOMMUNE	UTM-KOORDINATAR
Oslandsurda	17.000 m³	Høyanger	328100 6776100

./. **Endringa av løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagde vilkår blir følgde.**

Samla må volumet ved lokaliteten ikkje overstige 17.000 m³.
Løyvet erstattar løyveskriv dagsett 13.09.89.

Løyvet gjeld frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Dersom anlegget ikkje har etablert seg innan 2 år, må det etter § 20 i ureiningslova gjevast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad. Løyvet omfattar også utslepp frå reingjering av nøter (notvaskar) og anna produksjonsutstyr, medisinering og avfallshandsaming knytt til drifta.

BAKGRUNN FOR SAKA

Eros Laks Erling Osland A/S har frå før lokalitetar i Høyanger kommune, ved Osland og i Oslandsurda. Denne søknaden gjeld ei utviding av anlegget i Oslandsurda frå 9.000 m³ til 17.000 m³. Verksemda har i samband med søknaden sagt frå seg lokaliteten ved Osland for matfiskproduksjon av laks.

Adresse	Telefon	Landbruksavdelinga	Telefon
Tinghuset, Skrivarvegen 3	57 65 50 00	Hafstadvegen 48	57 72 32 00
Postboks 37	Telefaks	Postboks 14	Telefaks
5840 HERMANSVERK	57 65 50 55	6801 FØRDE	57 82 12 05

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn og er handsama i kommunen.

Høyanger kommune rår til at det blir gitt løyve som omsøkt. Kommunen ønskjer at det gamle anlegget (lokaliteten Osland) vert pålagt fjerna ved flyttinga til Oslandsurda.

GRUNNGIVING FOR AVGJERDA

Lokaliteten har vore i bruk sidan 1985 med eit konsesjonsvolum på 8.000 m³ fram til 1989, deretter 9.000 m³. Miljøgransking utført i 1993 viser teikn til ureining under deler av anlegget. Det vert tilrådd å forhale anlegget lenger utover frå land. Dette er føresett i søknaden, og ei ny plassering min. 30 meter lenger frå land vert lagt til grunn for det nye løyvet.

Utfrå dette vert det føresett at det vil vere tilfredsstillande straum- og djupnetilhøve under anlegget til å hindre for stor opphoping av organisk materiale. Det vert likevel sett krav om gransking/overvaking av ureiningstilhøva under anlegget, første gang innan 31.12.1997.

Oppmodinga frå Høyanger kommune om å setje krav om fjerning av det gamle anlegget ved Osland er ikkje handsama i tilknyting løyvet for Oslandsurda. Dersom den gamle lokaliteten vert etterlatt på ein slik måte at tilhøvet kjem i strid med § 28 i ureiningslova, kan kommunen med heimel i § 37 i den same lova, gjere vedtak om opprydding. Fylkesmannen vil òg kunne nytte § 32, og krevje restane av anlegget levert til gjenvinning eller til eit avfallsanlegg.

TILTAK

Det er sett følgjande fristar for gjennomføring av tiltak:

TILTAK	TIDSFRIST	TILVISING TIL VILKÅR
Resipientgransking ved Oslandsurda	**31.12.97**	7
Innsending av journal med produksjonsdata	**15. februar**	6.3

OPPLYSINGAR OM KLAGERETT M.V.

Partane i saka kan klaga avgjerda inn for Statens forurensningstilsyn (SFT) innan tre - 3- veker etter at samla avgjerd (konsesjon) er motteken, jf. forvaltingslova § 28 kap. VI. Klaga skal ein grunngi og senda om fiskerisjefen. Dersom løyvet blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT gi oppsetjande verknad på den påklaga delen, til det er teke endeleg avgjerd i saka.

Partane i saka har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka, jf forvaltingslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil kunne gi nærare opplysingar om handsaminga av saka.

Løyvet fritek ikkje frå erstatningsansvar for ureiningsskade etter ureiningslova § 10 og kap. 8.

Alle verksemder med tilsette arbeidstakarar er pliktige til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan: Helse, miljø og tryggleik blir følgde (jfr. § 52 b. i ureiningslova, og internkontrollforskrifta).

Med heimel i ureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til Staten for å sikre at tiltak, og pålegg gitt med heimel i ureiningslova blir gjennomførte.

Ved nedlegging av drifta, t.d. grunna ein konkurs, skal det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta, jf. § 20 i ureiningslova.

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan ytterlegare tiltak bli kravd frå verksemda for å redusere eller hindre ureining frå anlegget. Eventuelt kan det bli kravd at anlegget blir flytta, jf. ureiningslova §18.

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gir fullmakt, inspisere anlegget (jf. § 50 i ureiningslova).

Vi gjer for ordens skuld merksam på å unnlate å etterleve vilkåra som er sette til drifta, kan straffast etter ureiningslova og straffelova.

Med helsing

Anders Anderssen
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Bjarne Nes. Tlf.: 57 65 51 49

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyvet, dagsett 14.02.95.
Samla fråsegn frå fylkesmannen, dagsett 14.02.95.

Kopi m/vedlegg: Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane,
Postboks 274,
6701 MÅLØY

Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane,
Postboks 61,
5032 MINDE

Høyanger kommune, 5900 Høyanger

BN, Vass

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg.
Det er berre tillatt å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

Våtfôr: Heil fisk, slo, eller oppmalt fisk/avfall tilsett bindemiddel.
Konsistensen av oppmalt våtfôr er deigaktig.
Tørrstoffinnhald < 40 %

Mjukfôr/pellets: Oppmalt fisk/avfall, tilsatt så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Fôrkjøkken

Feitthaldig avløpsvatn frå fôrkjøkken skal passere feittavskiljar før utslepp. Feittavskiljaren skal utformast, dimensjonerast og drivast i samsvar med NTNF-Indrens rettleiar nr.1.

Utsleppsleidningen skal førast ut i sjøen slik at munningen ligg på minst 5 meters djup og minst 20 meter frå strandkanten (ved middelsvasstand). Leidningen må forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Plassering av leidningen må gå føre seg og avmerkast i samråd med Kystverket.

1.3. Medisin/kjemikal

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel m.v. skal skje i samsvar med regelverk/retningsliner frå ureiningsstyresmaktene.

1.4. Sanitæravløp

Utslepp frå sanitæravløp frå personalrom m.v. må godkjennast av kommunen i samsvar med reglar for spreidde avløp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring, spyling, reingjering og turking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper.

4. AVFALL OG SLAM

4.1. Produksjonsavfall og slam

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining.

Død fisk skal takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarande.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetringsmiddel.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillatt.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillatt utan skriftleg løyve. Søknad om forbrenning skal rettast til Statens forurensningstilsyn, medan søknad om nedgraving skal rettast til fylkesmannen og fylkesveterinæren.

4.2. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir henta av, eller bragt til, produsent, eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

4.3. Anna avfall

Emballasje og avfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1. og 4.2. skal leverast godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

4.4. Slamfjerning

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige løyve til dette. Skriftleg søknad som fortel korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. Grunna smittefaren må også veterinær-styresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogleg nyttast til gjødsel/jordforbetringsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKAL

Medisin, insekticid og kjemikal skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at det ikkje er tilgjengeleg for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald

Verksemda pliktar å føre jamnleg tilsyn med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.v. slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette skal verksemda regelmessig drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette delane.

6.2. Journalføring/kontroll

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

* Fiskemengde
* Fôrtype og fôrforbruk
* Mengde rømt fisk
* Mengde død fisk
* Bruk av:
  - Antibiotika, type og mengde
  - Insekticid, - " -
  - Andre kjemikal, - " -
* Mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
* Avfallsmengder og disponeringsmåtar

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

6.3. Årsrapport

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport for fylkesmannen som viser siste års produksjon, avfallsmengder og -handtering, og dessutan forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema og skal innehalde ei samanlikning av verkelege og lovlege mengder/tilhøve. Eventuelle overskridingar må kommenterast.

Årsrapporten må sendast fylkesmannen innan **15. februar** det påfølgjande året.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Ved desse lokalitetane skal det innan dei oppgitte tidsfristane vere gjennomført resipientgranskingar.

LOKALITET	TIDSFRIST
Oslandsurda	**31.12.1997**

Omfanget av den vidare overvakinga av miljøtilhøva i området, vil bli vurdert etter kvart. Dersom fylkesmannen finn det nødvendig, kan såleis ytterlegare tiltak bli kravde frå oppdrettsanlegget og verksemda knytt til dette jf. ureiningslova § 51. Eigaren av anlegget kan også påleggjast å betale ein høveleg del av kostnadane ved eit kontrollprogram for området der anlegget er plassert.

8. ANDRE VILKÅR

8.1. Eigenkontroll og ansvar

Verksemda pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir mest mogleg avgrenste.

8.2. Akutte utslepp

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osb.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som råd. I samsvar med rundskriv T-914 frå Miljøverndepartementet, skal også brannvesenet varslast ved større akutte utslepp frå industri på land.

8.3. Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inklusive ny eigar etter ein konkurs, må det givast melding om dette til ureiningsstyresmakta innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.

Verksemda er ansvarleg for opprydding på det nytta området, jf. ureiningslova § 20.